



Vindafjord Skogeigarlag

Dato: 07.04.2022

Dalen

Dokumentnummer: 22/753-3

5584 BJOA

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Annbjørg Bue

Tømmerkaien på Bjoa

Viser til e-post den 28.03.22 frå Vindafjord skogeigarlag ved Magnus Frøyland til ordførar Mette Heidi Ekrheim om planlagt utviding av tømmerkaien på Bjoa.

Kostnadsoverslag for utvidinga av tømmerkaien på Bjoa er på ca. 10 million kroner. Om det blir løyvd statstilskott til tiltaket vil det utgjere 80 % av kostnaden. Eigendelen blir då ca. 2 million kroner som Vindafjord skogeigarlag vil søke om støtte til frå Haugesund kommune, Tysvær kommune, Vindafjord kommune, Etne kommune, At-skog, Nortømmer og Rogaland fylke.

Torsdag 07.04.22 skal Vindafjord skogeigarlag ha styremøte og utarbeide søknad om statstilskott, og dei ønskjer difor ei førebels tilbakemelding om Etne kommune er positiv vil tiltaket før det.

Det aller meste av tømmeret frå hogstane i Etne er blitt køyrt til Bjoa kai for vidare transport med båt.

Ein del av tømmeret frå hogstane i nærleik av Skånevik har blitt skipa ut frå den private kaien som Johannes Røgelstad eig på Leknes. I følgje Johannes Røgelstad har dette mogelegvis vore ca. 5000 m³ fordelt på kanskje 5 utskipingar frå 2016 til i dag. Røgelstad sin kai er nytta til mange føremål og tømmeret kan ikkje ligge lenge der i påvente av å bli henta, og det kostar litt meir per kubikkmeter å skipe ut tømmeret derifrå.

Etne kommune sin kai i Fjæra innerst i Åkrafjorden er ein god kai og kan kanskje også bli nytta til tømmer?

Etne kommune sin administrasjon ved kommunedirektøren og kommunalsjef for Drift og Utvikling er positiv til ei utbygging av tømmerkaien på Bjoa, men det er opp til kommunestyret å ta stilling til om det blir løyvd midlar til prosjektet.

Storleiken på eventuelt tilskott bør stå i forhold storleiken til dei involverte kommunane.

Det blir tatt forbehold om at kommunen har økonomi til å ta omsyn til eigne kommunale kaiar.

Med helsing

Annbjørg Bue
fagansvarleg landbruk

Dokumentet er godkjent elektronisk.